

Val av lærebøker

Foreldre vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet.

I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv målform i lærebøkene dei vil bruke.

Tysvær kommune

Resultatområde skule

Skulesjef Eli K. Krokedal

Telefon: 52 75 80 12

E-post:

eli.krokedal@tysver.kommune.no



**TYSVÆR
KOMMUNE**

*Val av målform
for barnet ditt*

*- kva bestemmer
kommunen og kva
bestemmer du?*

**Tysvær kommune
Resultatområde skule**



Val av målform for barnet ditt - kva bestemmer kommunen og kva bestemmer du?

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid (Opplæringslova §2-5)

I Tysvær er Førland, Grinde, Nedstrand, Straumen og Tysværåvåg nynorskskular.

Førre, Frakkagjerd barneskole og Frakkagjerd ungdomsskole er bokmålskular.

Du som forelder/føresett kan søkje om at barnet ditt skal få den skriftlege opplæringa si på ei anna målform enn hovudmålet ved skulen barnet går på. Det betyr at du kan søkje om å få nynorsk ved bokmålskular og bokmål ved nynorskskular.

Retten gjeld for 1.-7. trinn.

Til vanleg søkjer ein ved innskrivinga, men retten gjeld ut 7. trinn.

Slik søker du

Du sender individuell søknad for barnet ditt til skulen ved rektor. Rektor gjer enkelvedtak.

Korleis organiserer ein klassane?

Når minst ti elevar på same årstrinn ved skulen ønskjer skriftleg opplæring på ei anna målform, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe.

Ein beheld retten så lenge elevgruppa ikkje blir mindre enn seks elevar.

Det er ikkje krav til elevtal for den gruppa som vel å behalde skulen si målform.

Er det for få elevar til å danne eiga språkgruppe ved ein skule, kan foreldra be om at det blir danna språkgruppe på tvers av skular.

Frå og med 8. trinn vel elevane sjølv skriftleg hovudmålform.